



Invitasjon til Old boys turnering i NORDØYHALLEN



HaNo Old boys vil med dette invitere følgjande lag Fjortoft, Lepsøy, Harøy, Ravn, Brattvåg, Norborg og Skødje til fotballturnering i Nordøyhallen laurdag 10. mars 2011 frå kl. 11:30 til 15:30 ved Haramsøy Barne og Ungdomsskule på Haramsøya.

Etter lang tid med planlegging, dugnad og samarbeid på tvers av lag og organisasjonar, har vi klart å sette opp Nordøyhallen. I den anledning ynskjer vi å arrangere ein uhøgtidleg fotballturnering og håpar samstundes at dette kan verte eit årleg arrangement på vinterstid ettersom Nordøyhallen kan varmest opp til over 20 grader. Dei siste åra har det kome opp mange nye hallar, nokø som gir oss oldboysera anledning å samlast og vise kvarandre gamle/nye finter og triks.

Det vert lagt opp til 5 utespelarar og ein keeper som spelform, med dommarar frå HaNo FK. Vi ser føre oss to avdelingar, med kampar på 2 x 12 minuttar, der vinnar i kvar avdeling spelar finale og dei resterande laga i kvar avdeling spelar mot kvarandre om dei andre plasseringane. Med andre ord totalt fire kampar per lag. Dersom få lag påmeldt, kan vi vurdere at ein klubb kan stille fleire lag eventuelt at vi utvidar speletida nokø.





Vi har satt opp fylgjande puljeoppsett:

Pulje 1

Fjørtoft
Lepsøy
Norborg
Ravn

Pulje 2

HaNo
Skodje
Harøy
Brattvåg

Vidare fylgjande kampoppsett:

Tid

Kl. 11:30
Kl. 12:00
Kl. 12:30
Kl. 13:00
Kl. 13:30
Kl. 14:00
Kl. 14:30
Kl. 15:00

Bane A

Fjørtoft – Lepsøy
HaNo – Skodje
Fjørtoft – Norborg
HaNo – Harøy
Fjørtoft – Ravn
HaNo – Brattvåg
Kamp om 5. og 6. plass
Kamp om 1. og 2. plass

Bane B

Norborg – Ravn
Harøy – Brattvåg
Lepsøy – Ravn
Skodje – Brattvåg
Lepsøy – Norborg
Skodje – Harøy
Kamp om 7. og 8. plass
Kamp om 3. og 4. plass

Påmeldingsavgift pr. lag er sett til kr. 1000,- og påmeldingsfristen er sett til laurdag 25. februar. For å melde på lag kan de kontakte Andreas Flem på tlf. 907 67 635 eller på e-post til andreas.flem@rolls-royce.com

Dersom det er noko som er uklart, ta berre kontakt.

Med helsing frå Haramsøy og Nordøy FK,

Andreas Flem

E-post: andreas.flem@rolls-royce.com

Tlf.: 907 67 635



PS! Etter fotballturneringa inviterar vi til ein sosial samling på pub'en Barius & Kaktus på Austnes der det vil bli mulegheit for kjøp av diverse forfriskingar og enkel matserving samt sjå dagens Premier League kampar på storskjerm.

Hovedsponsorar til HaNo FK:



Rolls-Royce



SPAREBANKEN MØRE

